



Landbrukskontoret for Austrheim, Fedje og Radøy

Eiendomsmegler Vest - Oppgjer
Postboks 7999
5020 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/2990 - 14/12018

Saksbehandlar:
Toril Marie Mulen
toril.mulen@radoy.kommune.no

Dato:
05.11.2014

Landbrukssak Gnr/bnr 43/6 Toska - søknad om konsesjon

Delegasjonssak nr.:

Ivar Fineid og Torunn Åsheim søker konsesjon for gnr/bnr 43/6 Toska i Radøy kommune.

Landbrukseigedomen er på 286,2 daa totalt, der 13 daa er fulldyrka, 9,3 daa er overflatedyrka, 6,4 daa innmarsbeite, 33,8 daa skog av ulik bonitet, resten er i hovudsak myr og fastmark av ymis kvalitet. Avtala kjøpesum for landbrukseigedommen er 3 100 000 kr.

Søknad om konsesjon skal handsamast etter Lov om konsesjon ved erverv av fast eigedom, LOV 2003-11-28 nr 98. Det skal leggjast særleg vekt på fem punkt ved handsaming av konsesjon, jf § 9.

Om den avtala prisen tilgodeser ei samfunnsmessig forsvarlig prisutvikling
Landbrukseigedommen har mindre enn 25 daa fulldyrka og/eller overflatedyrka areal. Det er heller ikkje meir enn 500 daa produktiv skog på landbrukseigedommen. Då er det ikkje priskontroll på landbrukseigedommen ved eigedomsoverdraging. Konsesjon kan gjevast etter dette punktet.

Om ervervar sitt formål vil ivareta omsynet til busetjinga i området
Søklarane oppgir i søknaden om konsesjon at dei ynskjer bruke våningshuset som heilårsbustad, og forpliktar seg til å tilflytte landbrukeigedommen innan eit år og bu på landbrukseigedommen i minimum fem år. Konsesjon kan gjevast etter dette punktet.

Om ervervet er ei driftsmessig god løysing
Søklar oppgir i søknaden om konsesjon at dei ynskjer drive med utegangarsau.
Rådmannen finn at såleis vil ervervet være ei driftsmessig god løysing. Konsesjon kan gjevast etter dette punktet.

Om ervervar er skikka til å drive eigedomen
Rådmannen har ikkje informasjon som skulle tilseie noko anna enn at søklarane er skikka til å drive eigedommen. Konsesjon kan gjevast etter dette punktet.

Om ervervet ivaretar omsynet til heilskapleg ressursforvaltning og kulturlandskapet

Søklar oppgir i søknaden om konsesjon at dei ynskjer å busette seg på landbrukseigedommen og drive med utegangarsau. Ein som er busett på landbrukseigedommen er etter erfaring meir oppteken av og betre istand til å ivaretake heilskapleg ressursforvaltning og kulturlandskapet. Rådmannen finn at ervervarane såleis kan ivaretake omsynet til heilskapleg ressursforvating og kulturlandskapet. Konsesjon kan gjevast etter dette punktet.

Vedtak:

Med heimel i konsesjonslova §9 gjev Radøy kommune søklarane Ivar Fineid og Torunn Åsheim konsesjon for kjøp av landbrukseigedommen gnr/bnr 43/6 Toska i Radøy kommune.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

*Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b
Dersom du har spørsmål i saka, ta kontakt leiar Felles landbrukskontor Toril Marie Mulen.*

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt felles landbrukskontor for Austrheim, Fedje og Radøy.

Med helsing

Torill Marie Mulen
leiar

Toril Marie Mulen
leiar Felles landbrukskontor

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Eiendomsmegler Vest - Oppgjør

Postboks 7999

5020

BERGEN